

ÅRSMELDING 2019
FOR KONTROLLUTVALET I
KVAM HERAD



ÅRSMELDING 2019 FOR KONTROLLUTVALET I KVAM HERAD

1 **Føremål og oppgaver for kontrollutvalet.**

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at heradet sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein i kap. 3 «Alminnelige regler om kontrollutvalgets ansvar og oppgaver». I § 4 står det mellom anna:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

Oppgåvene til utvalet omfattar alt innanfor tilsyn og kontroll, både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

2. **Samansetnad av utvalet i valperioden 2015 – 2019**

Medlem	Varamedlem i rekkefølge
Halvard Lilletveit (AP) Leiar	Vilma Vence (Sp)
Torgeir – Magnar Børve (Sp) Nestleiar	Torgeir Næss (Ap)
Eva Margrethe Oppen (Uavhengig)	Marta Gravdal (Krf)
Marit Sandven Oma (H)	Anders Geertsen (MDG)
Oddbjørn Vestbøstad (SV)	Nadia Stue (H)

Leiar Halvard Lilletveit og nestleiar Torgeir Magnar Børve hadde fast sete i heradsstyret.

2.1 Samansetnad av utvalet i valperioden 2019 – 2023

Medlem	Varamedlem i rekkefølge
Gjermund Stuve, (Sp) leiar	Torgeir Magnar Børve, (Sp)
Michael Iversen, (Ap), nestleiar	Katrine Froestad, (SV)
Anita Sørnes, (Frp)	Kjerstin Valland, (Ap)
Svanhild A. Botnen, (Sp)	Ronny Samland, (Frp)
Håvard Gjerde, (Raudt)	Erla Gunnarsdottir, (Sp)

Håvard Gjerde har fast sete i heradsstyret.

3. **Om verksemda til kontrollutvalet i 2019**

- Kontrollutvalet hadde 5 møter og handsama 51 saker.
- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet og har møtt på nokre av møta.
- Rådmann og andre frå administrasjonen har møtt når dei har vore innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 77 pk. 10 står det at kommunestyret skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå § 20 i Forskrift om kontrollutvalg - «Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget har sekretærbistand som til enhver tid tilfredstiller utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og et utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen. Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens administrasjon.»

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Kvam herad. Kjartan Haugsnes har vore sekretær på alle møta i 2019.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Kvinnherad Stord, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, Samnanger, Vaksdal og Askøy. I tillegg utfører sekretariatet også sekretærtjenester for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

4. Revisjonstenesta

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Deloitte AS er revisor for Kvam herad. Noverande avtale gjeld fram til og med 30.06.2020. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med heradsstyret, administrasjonen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte Unni Renate Moe, som i tråd med regleverket har lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Kvam herad. Unni Renate Moe har og vore kontaktperson hjå Deloitte når det gjeld arbeid med rekneskapsrevisjon, og er den som har møtt i slike saker i kontrollutvalet.

5. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Kvam herad er medlem i FKT.

6. Opplæring

Ingen frå kontrollutvalet i Kvam herad har delteke på eksterne kurs i regi av FKT i 2019.

7. Kvam herad si heimeside og bruk av elektronisk møteinnkalling

Kontrollutvalet er godt synleg på heimesida til kommunen, tilliks med dei andre politiske utvala. Medlemmene mottok innkalling elektronisk.

8. Arbeid med forvaltningsrevisjon, Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

"Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter."

I tråd med forskrifta vart det i 2016 utarbeida og vedteke plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.

8.1 Gjennomførte forvaltningsrevisjonar

8.1.1

Kontrollutvalet tinga forvaltningsrevisjon med tema internkontroll i sitt møte 07.03.2018 og gjorde slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan internkontroll med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og bruk av opsjon 1.
2. Kontrollutvalet utset oppstart av forvaltningsrevisjonen til juni 2018.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt første møte i 2019.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøkje i kva grad Kvam herad har etablert eit overordna system for internkontroll som femner om alle tenestene i kommunen, og som sikrar tilfredsstillande kontroll av forvaltninga. Vidare vil revisjonen undersøke korleis internkontrollsystemet blir teke i bruk ute i tenestene, med særskilt fokus på helse- og omsorgstenesta.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Har kommunen etablert eit overordna system for internkontroll?
 - a) I kva grad er det etablert eit felles system for internkontroll i kommunen?
 - b) I kva grad er det gjeve felles retningslinjer for korleis internkontroll skal utøvast i einingane / tenestene i kommunen?
2. I kva grad har kommunen utvikla eit godt kontrollmiljø?
 - a) I kva grad er det etablert ei klar arbeidsdeling med tydelege fullmakter/delegasjonar?
 - b) I kva grad har leiinga sett fokus på internkontroll og leiarane sitt ansvar for internkontrollen?
 - c) I kva grad er kommunen sine etiske retningslinjer gjort kjende i verksemda?
 - d) I kva grad har kommunen sett fokus på fare for korrupsjon og misleghald?
 - e) I kva grad er det etablert eit system for varsling og oppfølging av varslingar?
 - f) I kva grad har kommunen etablert tydelege mål for tenestene?
 - g) I kva grad er det på overordna nivå i kommunen etablert ei rapportering som gjer det mogleg å ha oversikt og kontroll med kommunen si verksemd?
 - h) I kva grad har kommunen etablert system som sikrar effektiv og tidsriktig kommunikasjon og informasjon?
 - i) I kva grad har kommunen etablert eit føremålstenleg system for kompetanseutvikling og bemanningsplanlegging (inkludert vikarbruk)?
 - j) Kva system og rutinar har kommunen etablert for å sikre gjennomføring og oppfølging av medarbeidersamtaler?

3. Korleis blir risikovurderingar nytta i internkontrollen i kommunen?
- Innan kva område blir det tatt i bruk risikovurderingar?
 - Er det system for å følgje opp resultatane av gjennomførte risikovurderingar?
 - I kva grad er det etablert system for å sikre at leiinga i kommunen er orientert om risikoområda innanfor dei ulike tenestemråda?
 - I kva grad er det etablert system for å følgje opp at identifiserte risikoar blir handtert?

4. I kva grad har kommunen etablert kontrollaktivitetar som skal sikre at sentrale arbeidsprosessar følgjer kommunen sine krav og retningslinjer?

- I kva grad er det etablert skriftlege rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsprosessar?
- I kva grad er det eit system for dokumentstyring som sikrar at rutinar blir oppdaterte og gjort tilgjengeleg for dei tilsette på ein føremålstenleg måte?
- I kva grad er det etablert kontrollar for å sikre etterleving av sentrale rutinar og retningslinjer?
- I kva grad er eventuelle kontrollar basert på ei systematisk risikovurdering?
- I kva grad har kommunen etablert eit tenleg avviksmeldesystem?

5. Er det etablert rutinar for oppfølging av at internkontrollen fungerer slik den var tenkt innanfor kommunen sine einingar/tenestemråde?

- I kva grad blir internkontrollen jamleg evaluert?
- I kva grad er det etablert system og rutinar for å hente inn erfaringar med og innspel til forbetring av tenestene frå tilsette?

Forvaltningsrevisjonsrapporten internkontroll vart handsama i kontrollutvalet 20.02.2019 og utvalet gjorde slikt vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Internkontroll» ber heradsstyret rådmannen syta for:

1. Ferdigstille arbeidet med å a. etablere eit felles internkontrollsystemet a. utarbeide det overordna internkontrolldokumentet, og gjere det kjend blant tilsette og leiarar b. ytterlegare konkretisere måla for einingane c. etablere rutine som sikrar at dei etiske retningslinjene årleg blir drøfta av alle tilsette i heradet d. utarbeide skriftlege rutinar for arbeidsprosessar som manglar dette e. ta i bruk dokumentstyringsmodulen i kvalitetssystemet, slik at rutinar blir haldne oppdaterte og blir gjort tilgjengelege på ein føremålstenleg måte

2. Etablere system for å

a. gjennomføre risikovurderingar på både overordna og operasjonelt nivå b. kontrollere at rutinar og retningslinjer blir etterlevd c. jamleg gjennomgå og evaluere internkontrollen d. halde oversikt over kompetanse- og bemanningsbehov

3. Vurdere tiltak for å

a. sikre at ansvar og myndigheit er tydeleg fordelt, blant anna gjennom at det administrative delegeringsreglementet blir gjort kjend b. auke fokus på å førebyggje korrupsjon og misleghald c. sikre tidsriktig og effektiv kommunikasjon og informasjon d. sikre at rapporteringa gir leiinga god oversikt og kontroll på heile verksemda e. sikre at rutinar for varsling og oppfølging av varsel blir gjort kjende f. vidareutvikle kulturen for å melde og følgje opp avvik

4. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.08.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Rapporten vart handsama i heradsstyret 26.03.2019 og innstillinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

Rapporten vart følgt opp med handlingsplan i kontrollutvalet sitt møte 09.10.2019 og utvalet gjorde slikt vedtak i PS 29/19:

- Kontrollutvalet er svært nøgd med arbeidet som fram til no er gjennomført etter forvaltningsrevisjon internkontroll.
- Kontrollutvalet ønskjer ei ny orientering kring internkontrollarbeidet i første møte 2020

8.1.2.

Kontrollutvalet tinga forvaltningsrevisjon: Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane i møte 28.11.2018 Prosjektplan vart godkjent 20.02.2019, PS 4/19

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane med utgangspunkt i forslag til prosjektplan inkludert bruk av opsjon 2.
2. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt møte 9. oktober 2019

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

2. I kva grad er det etablert system og rutinar som medverkar til å sikre at konkrete tilfelle der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir handtert i samsvar med krav i opplæringslova?

- a) Er det etablert tilfredsstillande rutinar som skildrar korleis den enkelte tilsette og skulen skal følgje opp aktivitetsplikta i opplæringslova § 9 A-4 og dei handlingspliktene som følgjer av denne?
- b) I kva grad er tilsette på skulane kjend med eventuelle rutinar for å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og handtere saker der dette ikkje er tilfelle?
- c) I kva grad er det utarbeidd rutinar for skjerpa aktivitetsplikt i saker der ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev, og i kva grad er ev. slike rutinar kjent blant lærarane?

- d) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at involverte elevar blir høyrde og at eleven sine meiningar blir vektlagt i arbeidet med å finne eigna tiltak for å sikre at eleven får det trygt og godt på skulen?
 - e) I kva grad blir saker der ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, følgt opp i samsvar med krav i opplæringslova, mellom anna med utarbeiding av aktivitetsplan?
 - f) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at skulane informerer elevane og foreldra om rettane til eit trygt og godt skulemiljø, om tilsette si aktivitetsplikt og om elevane og foreldra sitt høve til å melde saka til Fylkesmannen dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?
3. I kva grad har kommunen som skuleeigar eit forsvarleg system som er eigna til å avdekke praksis ved skulane som er i strid med opplæringslova, og eventuelt følgje opp at skulane endrar praksis slik at dei oppfyller krava i regelverket?
- a) I kva grad innhentar og brukar kommunen tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis knytt til oppfølging av aktivitetsplikta og andre sentrale krav i opplæringslova kapittel 9 A?
 - b) I kva grad gjer kommunen ei vurdering av om praksisen til skulane er i samsvar med regelverket, og eventuelt sikrar at det blir satt i gang naudsynte og eigna tiltak for å sikre at praksisen til skulane er i samsvar med regelverket?

Opsjon 2: Bruk av IKT i grunnskulen

5. I kva grad arbeider skuleeigar og den enkelte skule systematisk for å sikre ein føremålstenleg bruk av IKT i grunnskulane i Kvam herad?

- a) Har kommunen ein plan/strategi for bruk av digitale verktøy, læremiddel og ressursar i grunnskulane?
- b) Har elevane i grunnskulane i Kvam herad tilstrekkeleg tilgang på digitale læremiddel?
- c) Har lærarane tilstrekkeleg digital kompetanse til å ta i bruk tilgjengelege digitale verktøy og læremiddel på føremålstenleg vis, og blir det ev. arbeidd systematisk med kompetanseheving på området?
- d) I kva grad sikrar kommunen at elevane får utvikla digital kompetanse i dei ulike faga?

Rapporten vart handsama i kontrollutvalet sitt møte 27.11.2019, PS 47/19 og slik innstilling til heradsstyret vart samrøystes vedteke:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapporten; Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane, ber heradsstyret rådmannen syta for:

1. at alle skulane har lovpålagt skulemiljøutval og gjennomfører møte i skulemiljøutvalet, samt arbeider for å synleggjere og tydeleggjere ytterlegare kva som kan og bør vere skulemiljøutvalet si rolle ved skulane.
2. at det blir gitt tydelege føringar for korleis dei tilsette skal oppfylle aktivitetsplikta. Mellom anna må det i større grad utarbeidast skriftlege rutinar knytt til ivaretaking av dei ulike handlingspliktene.
3. at det føreligg tydelege føringar knytt til ivaretaking av den skjerpa aktivitetsplikta, og at det på skulane blir retta merksemd mot den skjerpa aktivitetsplikta.
4. at skulane har system for å jamleg informere om aktivitetsplikta og drøfte i personalet kva denne inneber, samt etablerer rutinar for å sikre at ulike yrkesgrupper som jamleg utfører arbeid ved skulane i kommunen også er informert om aktivitetsplikta.
5. å tydeleggjera overfor skulane korleis ein kan sikre at eleven si røyst kjem fram ved utarbeiding av tiltak i aktivitetsplanen, og sikrar at det er etterprøvbart i kva grad involverte elevar har blitt høyrde og kva elevane har gitt uttrykk for.

6. at skulane, gjennom erfaringsdeling og opplæring, får ein felles terskel for å opprette aktivitetsplanar, og at det alltid blir oppretta aktivitetsplan i dei tilfella lova krev det.
7. å tydeleggjera korleis skulane skal dokumentere kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i førekant av arbeidet med aktivitetsplan (kva informasjon som er av slik karakter at den skal dokumenterast og kven som har ansvar for å dokumentere), og sikrar at informasjon som inneheld personopplysningar blir dokumentert og oppbevart i tråd med krav til personvern.
8. å sikra at sanksjonane som er skildra i ordensreglementa er i tråd med gjeldande regelverk.
9. at mangel på digitale verktøy eller internettsamband ikkje er hinder for at lærarane skal ta i bruk IKT i undervisninga.
10. å utarbeide eit system som gjev lærarane i heradet betre oversikt over kva digitale læremiddel som er tilgjengeleg for dei i deira fag.
11. at lærarane har tilstrekkeleg kompetanse innan IKT til å ta i bruk digitale verktøy og digitale læremiddel, slik at elevane får tileigna seg digitale ferdigheiter.
12. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Denne rapporten vert å følgje opp i 2020.

9. Arbeid med selskapskontroll, Plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

”Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.”

På bakgrunn av dette vart det i 2016 utarbeida og vedteke plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.

Prosjekt	Tema
1 Kvam kraftverk AS	<ul style="list-style-type: none"> • Eigarskapsforvaltning • Drift
2 Kvam bompengeselskap AS	<ul style="list-style-type: none"> • Eigarskapsforvaltning • Drift
3 Eigarskapsforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging og etterleving av eigarskapsmeldinga
4 Hardanger AKS	<ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av gjennomført selskapskontroll

9.1 Gjennomførte selskapskontrollar og oppfølgingsarbeid

Det vart ikkje gjennomført selskapskontroll i 2019

10. Arbeid med rekneskapsrevisjon - den økonomiske situasjonen i Kvam herad.

Kontrollutvalet sin uttale om Kvam herad sin årsrekneskap for 2018, hadde ma. med desse opplysningane:

- Driftsrekneskapen viste kr. 574.173.000,- til fordeling drift
- Det var eit rekneskapsmessig resultat på kr. 1.261.901,-
- Netto driftsresultat er positivt med kr. 41 301 000 ,- dvs. eit netto driftsresultat på 4,7 % (Sett opp mot sum driftsinntekter).

Kontrollutvalet merka seg m.a. følgjande uttale frå rådmannen i årsmeldinga:

«Tittelen på budsjettet for 2018 var «Vår beste dag». Tittelen henta tidlegare rådmann Arild M. Steine frå Erik Bye sitt dikt med same namn. Og det er ikkje tvil om at det var ein god dag då resultatet for 2018 var klart. Eit netto driftsresultat på 41,3 mill.kr. og 4,7 % gjer godt i ein kvar kommunekasse og lettar trykket på ein pressa økonomi. Utsiktene for året såg ikkje så bra ut ved inngangen til 2018, då det i budsjettet låg eit lite underskot på 3,3 mill.kr, og utfordringane var mange. Så kom auken i kraftprisen, midlar frå havbruksfond og til slutt auka skatteinntekter som samla gav kommunen ein kraftig inntektsauke og høve til å styrka disposisjonsfond. Å styrka fondsmidlane til Kvam herad hadde likevel ikkje vore mogleg utan budsjett disiplin og i tillegg aktiv søking for å skaffa fleire tilskot og refusjonsinntekter til drifta.»

11. Vurdering av leverandør og habilitet i samband med kommuneplanarbeidet i Kvam

Kontrollutvalet fekk henvending frå Kvam MDG i april 2019, gjeldande spørsmål knytt til kommuneplanarbeidet i heradet. Kontrollutvalet gjennomførte ekstramøte 07.05.2019 og her vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber revisjonen utarbeide ein prosjektplan med utgangspunkt i spørsmål 3, 5 og 7 i brevet frå MDG i Kvam og kontrollutvalet sine problemstillingar a-c. Dei øvrige spørsmåla er vurdert og kontrollutvalet vil ikkje gå vidare med desse.
2. Prosjektplan vert å sende kontrollutvalet på epost og utvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å godkjenne denne.

Prosjektplanen vart godkjent juni 2019 og hadde slikt føremål og problemstillingar:

Føremålet med notatet vil vere å undersøke om ABO er vurdert som uavhengig og eventuell rolleblanding ved bruk av ABO plan og arkitektur i samband med kommuneplanarbeidet i Kvam herad. Det er vidare eit føremål å avklare forhold knytt til interesser i Hardangerbadet og habilitet i samband med vedtak av ny kommuneplan, og heradet sin strategi for å sikre openheit om politiske prosessar. Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Blei det frå Kvam herad si side vurdert i kva grad ABO var uavhengig og eventuelt hadde fleire roller som kunne vere i konflikt, då ABO blei engasjert i samband med kommuneplanarbeidet?
a) Kven gjennomførte slike vurderingar? b) Er vurderingane dokumenterte? c) Har Kvam herad rutinar for å vurdere og stille krav til leverandørar om å vere uavhengige?
2. Vil heradsstyrerepresentantar med interesser i Hardangerbadet vere habile til å vedta ny kommuneplan for Kvam herad?

3. Kva strategi har heradet for å sikre openheit om politiske prosessar?
a) I kva grad har heradet etablert rutinar for å registrere og vurdere lobbyaktivitet?

Notat frå Deloitte «Vurdering av leverandør og habilitet i samband med kommuneplanarbeidet i Kvam» vart handsama i kontrollutvalet 09.10.2019 og utvalet gjorde slik innstilling til heradsstyret i PS 39/19:

På bakgrunn av Notat, «Vurdering av leverandør og habilitet i samband med kommuneplanarbeidet i Kvam» ber heradsstyret rådmannen syta for:

1. å etablere rutinar for å sikre at leverandørar av tenester gjer ei vurdering av habilitet og uavhengighet.
2. å arbeide vidare med eit lobbyregister i Kvam herad som tilfredsstillar krava i ny personopplysingslov.
3. å melde tilbake til kontrollutvalet innan 01.02.2020 på når og korleis desse punkta vert gjennomført.

Oppfølging av dette notatet vert gjort i 2020

12. Andre saker i kontrollutvalet i 2019

- Budsjett for kontroll og tilsyn i Kvam herad for 2020.
- Kontrollrapport og årsmelding for 2018 vedr. Skatteoppkrevjarfunksjonen.
- Driftsrapportar og økonomiplan
- Årsmelding 2018 for kontrollutvalet
- Revisjonsplan og interimrevisjonsrapport frå Deloitte AS
- Henvendingar
- Kurs frå Deloitte AS – arkiv og offentleglov

Bergen februar 2020

Kjartan Haugsnes, sekretær.